

Mandat for arbeidsutvalet (AU) til Møteplass for habilitering og rehabilitering i Helse Bergen føretaksområde

Bakgrunn

Møteplass for habilitering og rehabilitering i Helse Bergen blei arrangert fyrste gong i 2009. Det var funksjonen *Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering* (KE) i Helse Bergen, lagt til Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, som etablerte dette nettverket mellom alle KE i Helse Bergen føretaksområde. Målsettinga var å skape ein arena for gjensidig informasjon-, erfaringsutveksling og fagutvikling på felta. Det blei danna eit *arbeidsutval* som på vegne av alle KE skulle utforme plan for innhald og arrangement ved Møteplassen. Arbeidsutvalet (AU) har representantar frå KE i heile HF- området, Haraldsplass Diakonale sjukehus og enkelte einingar i Helse Bergen.

Frå 22.10.2018 blei det vedteke av [samarbeidsutvalet](#) i Helse Bergen at nettverket Møteplass og arbeidsutvalet (AU) blir vidareført som ein del av samhandlingsstrukturen. AU rapporterer årleg til samarbeidsutvalet samtidig som underutvala - i desember. Utpeiking av representantar frå kommunane skjer for to (2) år om gongen. Eksisterande arbeidsutval blir gjennom dette vedtaket utpekt for 2 år.

Brukarutvalet peikar sjølv ut representant og spesialisthelsetenesta peikar ut representantar frå aktuelle einingar.

Møteplass og arbeidsutval (AU) er etablert i alle dei fire helseføretaka i Helse Vest. Det er utarbeidd [eige mandat for Møteplass i Helse Vest](#).

Møteplass er tatt inn i [Tenesteavtale 2](#) mellom kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde og Helse Bergen HF, mfl.

Formål og oppgåver

Medlemmar

Medlemmar til AU frå kommunane vert peika ut i dei fire samarbeidsutvala for to år. AU bør bestå av representantar for koordinerande einingar (KE) frå alle fire samarbeidsutvalsområda. Det skal i tillegg vere representant frå brukarutvalet i Helse Bergen, fagpersonar frå spesialisthelsetenesta og koordinerande eining i sjukehusa. Alle medlemmene i AU skal ha ein varerepresentant.

Organisering, ansvar og drift

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering leiar og dokumenterer aktivitetar i AU og Møteplassen. Kompetansesenteret i samarbeid med AU står ansvarleg for å arrangere og drifte Møteplass ein (1) gong i året. AU møtast fire til seks (4-6) gongar i året for planlegge, gjennomføre og evaluere nettverket Møteplass. Tema for møta kan dreie seg om utveksling av informasjon, kunnskapsformidling, drøfting av Koordinerande einingars rolle og organisering og styrking av samarbeid på tvers av fag og nivå.

Medlemmer av AU kan, etter avtale, ta på seg oppgåver på vegne av AU.

Kommunikasjon

Kommunikasjon i AU, mellom dei faste møta, bør som hovudregel skje skriftleg gjennom bruk av e-post. Årsmelding sendes til Samarbeidsutvalget i desember.